



Hardangerrådet iks



Hardanger

Hordaland fylkeskommune
Ved fylkesordfører Tom-Christer Nilsen
Postboks 7900, 5020 Bergen hfk@hfk.no

Ad. Rutetilbodet Kinsarvik-Utne-Kinsarvik frå 1. oktober 2015.

Hardangerrådet iks hadde møte i Eidfjord 18.06.2015 og drøfta igjen det nye ferjetilbodet på strekninga Kinsarvik-Utne-Kinsarvik frå hausten 2015.

Hardangerrådet iks er fullt på det reine med at trafikkmønster endrar seg når nye samband vert skapte og er takksam for all den støtte moralsk, praktisk og økonomisk som Hordaland fylkeskommune har gjeve til Folgefonntunnelen, Jondalstunnelen og Hardangerbrua.


Men det er no ein gong slik i vårt moderne samfunn at samferdselstilbodet er grunnlaget for busetnad og utvikling i distrikt som Hardanger. Mandatet som Hordaland fylkeskommune har fått som regional utviklingsaktør forpliktar til å sjå samanhengar. Når fylkeskommunen er gitt fullmakt til å forvalta ferjedrifta i Hordaland, så føl det også med eit ansvar for å gje eit forsvarleg tilbod til innbyggjarane i kommunane.

Ferja Kinsarvik-Utne-Kinsarvik er eit internsamband i Ullensvang herad som er heilt avgjerande for rasjonell drift og samhandling i eit moderne herad. Å kutta kveldsturane slik føreslått, vil medføre store praktisk ulemper. Fylkeskommunen velter kostnader over på innbyggjarane og heradet ved lange omkøyringsvegar.

Ullensvang herad peika på at det ikkje er nedgang i trafikken på ferja Kinsarvik-Utne-Kinsarvik etter Jondalstunnelen og Hardangerbrua opna. Ferjesambandet Jondal-Tørvikbygga har fått naturleg oppgradering ved at M/F Bømlø bytta ut mot M/F Etne. (Frå 73 til 94 bilar) og rutetilbodet utvida med 2 turar i døgnet frå 17 til 19 turar på kvardagar. Men dette har ingen relevans til sambandet Utne- Kinsarvik.

Hardangerrådet iks støttar kravet frå Ullensvang herad om møte med politisk og administrativ leiing i Hordaland fylkeskommune saman med selskapet Skyss for å finna løysing på denne saka.

Hardangerrådet iks viser også til avtalt møte mellom ordførarane i Hardanger og Skyss den 17.09.2015 for å ha «Dialog om justeringar i ferjetilbodet» i samband med førebuingar til nye anbodsrundar for fylkesvegferjene.

Kinsarvik 22.06.2015
Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Kopi til:
Kommunane i Hardanger.
Skyss